

Fra: oddbjørn angelskår <oddbjorna@yahoo.no>
Sendt: 3. mars 2015 06:21
Til: Julie Daling
Emne: Sakspapir Fløsvika bustadfelt

Hei Julie.

Takk for sist, på møtet vi hadde med deg 5.aug. 2014 på Rådhuset.
Då tok vi opp ulike punkt i samband med reguleringsplanen "Fløsvika bustadfelt".

Vi bur framleis i USA, men har fått tilsendt "Kunngjering 1.gangs offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan Fløsvika bustadfelt gbnr.196/4 m.fl." med vedlegg.

I sakspapira frå kommunen, der du står oppført som saksbehandlar, reagerer vi på nokre punkt under overskrifta "planhistorikk".
Grunnen til at forslagstiller i 2007 valde å ta ut eit delområde frå planen Midtgård-Leknes var basert på vedtaket i Plan- og miljøutvalet -06.04.05.

"Plan- og miljøutvalet ser positivt på ei utbyggjing i planområdet, men ynskjer å redusere tal bueiningar. Difor ynskjer ein å ta ut dei planlagte bueiningane på nedsida av vegen. Vidare bed vi om at fylkesvegen frå feltet fram til skulen vert teke med i reguleringsplanen. Dette for å sikre trygg skuleveg. Strekninga vert å vurdere i samband med rullering av trafikkplan 2005. Skogsveg og tilkomst til skogsområdet på oppsida av vegen må sikrast. Vidare må steingardar innan planområdet bevarast så langt det let seg gjere. Syner elles til rådmannen sine vilkår"

I sakspapira vi har motteke står det;

"Plan- og miljøutvalet valde i 2007 å ta ut eit delområde frå planen Midtgård - Leknes. Den gong grunna omsynet til gamle steingardar og eksisterande bustadmiljø ved sjø."

Dersom ein les vedtaket til Plan- og miljøutvalet oppleves dette som feilinformasjon.

På bakgrunn av dette vedtaket valde forslagstiller den gong å ta ut dette delområdet frå planen Midtgård-Leknes.

Lindås kommune valde å godkjenne reguleringsplanen Midtgård -Leknes sjølv om Fylkesmannen, miljøvernavdelinga i brev som kommunen mottok 25.01.07 peika på nokre punkt i planframlegget som dei ynskte vart retta opp.

" Med tanke på faktisk utbyggingspress meiner Fylkesmannen at det ville være tilrådeleg at arealet aust for vegen vert inkludert i planområdet som friområde eller spesialområde/friluftsområde".

Vi har fulgt denne saka i over 12 år no og meiner at historikken i sakshandsaminga er viktig. Vi ber derfor om at dei som skal gjere vedtak i denne saka blir gitt rett informasjon.

Synest også det er underlig at ein meir en fire år etter informasjonsmøte for naboar og grunneigarar(01.11.2010) får lagt ut ein plan med eit heilt anna innhold en kva som vart presentert på informasjonsmøtet.

Med venleg helsing

Oddbjørn og Karianne Angelskår